

# ikkje fram



**Nedstemt:** Dei tilsette fekk ikkje gjennomslag for å få tilført friske midlar. Frå venstre Kjell Nygård, Anne June Iversen Huus og Rune Larsen.

## moment

krevje 20.000 kroner i ekstra kostnader. Kanskje er det her betre med fleire liggjedøgn.

Jon Bolstad kom i styremøtet med følgjande målsetjing:

– Vi skal bli best i vest i å redusere overtid og samordne aktivitetar.

Tiltaket som Helse Førde kallar «betre pasientflyt og færre gjestedøgn» skal redusere utgiftene til helseføretaket med 13 millionar. Økonomidirektør Ørjan Sandvik sa at i dag reiser 22 prosent av pasientane i Sogn og Fjordane for å få behandling utanfor fylket. Dette kosta helseføretaket 101 millionar kroner i 2006.

Både administrasjonen og fleire styremedlemmer påpeikte at det var fleire usikre moment i budsjettet. Styreleiar Clara Øberg



**Gjennomslag:** Administrasjonen fekk gjennom framlegget sitt til budsjett for 2007. Frå venstre Helge Bryne (vise adm. dir. Helse Vest), Jon Bolstad (adm. dir. Helse Førde), Erlend Eriksen (viseadm. dir. Helse Førde), Ørjan Sandvik (øk. dir. Helse Førde).

fekk med eit eige punkt i budsjettet som seier at styret skal bli jamnleg oppdaterte om

den økonomiske situasjonen gjennom heile året.

## Opseth var taus


**Nestleiar Kjell Opseth heldt stilt om dei omstridde sentraliseringplanane under styremøtet.**

Heller ingen av dei andre styremedlemmane tok opp utspelet Opseth hadde under eit debattmøte førre tysdag. Opseth tala då varmt for å sentralisere spesialisthelsetenesta til Førde. Han sa då han ville kjempe for å få dette gjennom om han så måtte gå av som styremedlem.

– Eg må nok skuffe dei som ventar at eg skal kome med framlegg om strukturendringar. Det kjem ikkje i dag. Det er ikkje tida, sa Opseth i starten av møtet.

Opseth ville ikkje utdjupe noko om utspelet om sentralisering etter møtet.

– Eg vil vente til utgreiinga om lokalsjuehusa ligg føre. Men eg vil understreke at eg jobbar for heile Sogn og Fjordane. Vi må no heller fokusere på kva tenester vi ikkje har i Helse Førde.



**Taus:** Kjell Opseth heldt munnen lukka om sentralisering under styremøtet. – Eg kjem attende til dette, lovar Opseth.

Det er mange tilbod som vi må arbeide for å få. Og då er eit større spesialistmiljø ein fordel, seier han til Fjordenes Tidende.



**Lyttar:** Styreleiar Clara Øberg sa at styret i Helse Førde må bli mykje flinkare til å lytte til kommunane. – Det er viktig med ein open dialog, for å unngå misstydingar, sa ho.

## Øberg vil lytte til ordførarane

**– Styret har vore for dårlege med kommunikasjonane med kommunane, sa styreleiar Clara Øberg.**

Det vart under styremøtet bestemt at styret i Helse Førde skal møte ordførarane to gongar i året. Styreleiar Øberg fekk gjennomslag om eit eige punkt i budsjettet, der det står at styret i Helse Førde sin dialog med kommunane er for dårleg.

– Vi vil ikkje møte regionråda, men ordførargruppene frå alle kommunar og fylkeskommunen. Eg meiner at dette bidreg til at vi skal kome nærare kvarandre og forstå kvarandre betre, sa Clara Øberg.

Øberg skrytne av administrasjo-

nen sin dialog med kommunane i budsjettprosessen, og vil no få ein open dialog med alle ordførarane i fylket.

– Det er sikkert andre som òg har lyst til å treffe styret, men det får vi kome attende til, sa styreleieren.

Styret vil vente med dialogmøta til utgreiinga om lokalsjuehusa ligg føre i mars.

Men kommunane skal ikkje berre vere i dialog, styret vil òg pålegge dei å ta seg meir av sine egne.

– Kommunane skal ta på seg meir av pleie- og omsorg. Vi må flytte den grensa ein god del. Helse Førde er ikkje kome så langt som andre føretak innanfor dette, sa Helse Vest sin representant i styret, Helge Bryne.